

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim

Uttale til ”Kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2017-2027 - Andre gongs offentleg ettersyn”.

Austrheim Landbrukskvinnelag (ALK) vil kome med følgjande merknader til siste utkast til arealdelen i Austrheim kommune sin kommuneplan 2017-2027 :

Generelt er det lagt fram ein arealplan for planperioden som ser ut til å ta mange og rette omsyn til landbruk, bygdeutvikling, natur og friluftsliv, og ALK finn dette positivt for landbruksrelaterte interesser.

ALK vil likevel gje merknader til tre områder/tiltak som vi finn det rett å kommentere i planen :

1 - Øksnesmarka.

ALK var veldig glade for at Øksnesmarka var ute av første planforslag som industriområde, og vart difor ganske betenkte då store delar av området kom inn igjen som industriområdet i nytt planforslag.

ALK vil oppmode om at kommunen går tilbake til første planforslag, og såleis fjernar Øksnesmarka som næringsområde frå arealdelen i ny kommuneplan.

Kvifor ?

Jordvern – Øksnesmarka har gode kvalitetar som beiteland, og har tydelege spor etter tidlegare bruk som beite for husdyr. Jordvern skal ikkje drivast med utgangspunkt i kva bruk det er av jorda i dag, men av til kva og korleis den kan nyttast i framtida. Sjølv om konsulentrapporten frå Multikonsult konkluderer med ”Liten” på både verdi, påverknad og konsekvens for landbruk, har dette klar verdi som mulig framtidig beiteland.

Naturmangfall – Det er påvist førekomstar av artar som er truga nasjonalt, og dei lever i Øksnesmarka fordi dei har dei rette betingelsane for å overleve her. Det er eit offentleg ansvar å oppretthalde slike områder.

”Sona omfattar område med særskilte natur- eller viltverdiar og er vist på temakart som vedlegg til planen. Det skal takast særlege omsyn til naturmangfaldet ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innafør sona. Nye tiltak kan ikkje tillast når dei kan kome i konflikt med naturmangfald av regional eller nasjonal verdi.” –frå føresegnene til kommuneplanen. Samsvarer dårleg med plan om næringsareal i området med funn av truga artar.

Folkehelse – Øksnesmarka er lett tilgjengeleg for folk, og er eit mykje nytta tur- og rekreasjonsområde både for lokalbefolkning og for det stadig veksande talet på folk med fritidsbustad i kommunen. Det synes lite gjennomtenkt å tilretteleggje for turløyper, friluftsliv og fritidsbustader **og** næringsaktivitetar i same området. Opne landskap og friluftsliv er verdiar Austrheim kommune sjølv seier dei vektlegg, og dette trengst for å få folk til å ynskje å busetje seg i kommunen. Øksnesmarka er det største samanhengande urørde arealet i kommunen, og bør ikkje takast i bruk som næringsområde. Næringsareal har ein bandlagt mykje av i andre delar av kommunen.

2 – Lerøy

ALK meiner at dersom markert areal i kartet vert endra frå LNF til LNF spreidd, så må ein forsøkje å plassere tomter og tilkomst til desse slik at ein ikkje øydelegg eksisterande unike landskapstrekk og noverande/framtidige beiteområder.


3 – Toftegård

ALK meiner at dersom ein byggjer ut skissert areal på Toftegård til bustadfelt, så er ein for all framtid avskåren for å bruke areala til ev. dyrehald/beiting. Det er ikkje dagens bruk av området som skal definere verdien av å ta vare på slike områder, men nytte/behov i framtida. Utbygging er eit ikkje-reversibelt tiltak, og arealet kan ikkje gjenskapast til opphaveleg bruk.

Med helsing

Austrheim Landbrukskvinnelag (ALK)

v/ leiar Svanhild Neteland



Vi set egne fotefar !